



Bokn kommune

Møteprotokoll

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Boknatun, møterommet 1. etg.
Dato:	20.05.2026
Tid:	Kl. 17:00 – 18.45

Følgande medlemmer møtte Parti

Rannveig F. Øvrebø	AP
Sigmund Alvestad	KRF
Osmund Våga	SP
Vilhelm Martin Våge	SP
Svein Ove Alvestad	U

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Rakel Alvestad	AP	Ingen vara tilgjengeleg	
Egil Magne Våge	SP	Ingen vara tilgjengeleg	
Lene Ognøy Foss	U	Per Helge Sunde	U

Ugilde:

Osmund Våga:	Sp	Ingen vara tilgjengeleg	
Vilhelm Martin Våge	Sp	Ida Schmeichler Grønnestad	SP

Andre som møtte

Bjørn Løvland

Stilling

Rådgjevar plan og bygg

Ingeborg Skjølingstad

Michael Gräfe

Kommunedirektør

Kommunalsjef teknisk

Merknader til innkallinga: Ingen

Merknader til sakslista: Ingen

Til å skriva under møteboka vart valde: Per Helge Sunde og Sigmund Alvestad

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av innkalling
002/26	Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll
003/26	Samlesak for drøftinger
003/26.1	Kommunedelplan for framtidig E39 - ulike scenario
003/26.2	Kommunedelplan for ny E39 - prosess og organisering av arbeidet - drøfting i formannskapet
003/26.3	Fråsegn - høyring og offentleg ettersyn - kommuneplan - Bokn Tysvær Sveio - kommunedelplan - E39 - Statsforvaltaren
003/26.4	Bokn og Tysvær kommuner - kommunedelplan for E39 Bokn- Bømlafjorden - høring - Rogaland fylkeskommune
003/26.5	Kystverket - motsegn
003/26.6	22_122486-3Uttalelse med innsigelse - KDP E39 Bokn - Bømlafjorden
003/26.7	NVE sin merknad
004/26	Samlesak for orienteringsaker
005/26	Eventuelt og spørsmål

001/26 Godkjenning av innkalling

20.05.2026 Formannskap (Kommuneplanutval)

Behandling

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) er møteleiar av møte i ordførar sitt fråvær.

Formannskap (KPUL) - 001/26 Vedtak

Innkallinga vert godkjent utan merknader.

002/26 Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll

20.05.2026 Formannskapet (Kommuneplanutval))

Behandling

KPUL - 002/26 Vedtak

Møteprotokoll frå sist møte var ikkje utsendt. Per Helge Sunde og Sigmund Alvestad blei valde til å signere protokollen frå dagens møte.

003/26 Samlesak for drøftinger

20.05.2026 formannskap (KPLU)

Behandling

Ekstern utredning, foreslått av Rannveig F. Øvrebø, Arbeiderpartiet

Formannskapet ønsker en ekstern utredning for fremtidig utvikling av Bokn. Innvirkning på lokalsamfunnet nå- og fremover.

Habilitet:

Vilhelm Martin Våge og Osmund Våga ber om å få sin habilitet vurdert i sakene vedr. drøfting framtidig E39. Det er ingen endring i deira forhold etter siste vurderingar blei gjort i sak om E39. Formannskapet fant dei ugilde i saka da det er same forhold som ved tidlegare behandling av framtidig E39. Begge 2 trådde frå møte. Ida Schmeichler Grønnestad (Sp) som er kalt inn som vara for Vilhelm Martin Våge trådde inn i møte. Hun er tidlegare funnen habil i saka og drøftingar om framtidig E39.

Det var da 5 representantar som er habile og vedtaksføre i møtet og drøftingssakene. Desse er:

Rannveig Foss Øvrebø (Ap)

Svein Ove Alvestad (UAV)

Per Helge Sunde (UAV)
Sigmund Alvestad (KrF)
Ida Schmeichler Grønnestad (Sp)

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) fremma tilleggsforslag om ekstern utredning.

Avrøysting (5 røysteføre):

Formannskapet vedtok samrøystes endringsforslag fremma av Rannveig Foss Øvrebø (Ap)

Formannskap KPUL - 003/26 Vedtak

Habilitetsspørsmål til representantar er avgjort til behandling av drøftingssaker.

Formannskapet ber samrøystes administrasjonen å utrede og legge fram ei sak om ekstern utredning for fremtidig utvikling av Bokn. Innvirkning på lokalsamfunnet nå- og fremover.

003/26.1 Kommunedelplan for framtidig E39 - ulike scenario

20.05.2026 Formannskapet

Behandling

Kommuneplanrådgevar Bjørn Løvland informerte om bakgrunn for dei dokumenta som er utsendte til drøfting og gjekk gjennom ulike senarioer.

Det blei stilt spørsmål til informasjonen gitt av administrasjonen. Løvland og kommunedirektøren svarte ut spørsmåla.

FS - 003/26.1 Vedtak

Formannskapet (kommuneplanutvalet) tok informasjonen til etterretning.

003/26.2 Kommunedelplan for ny E39 - prosess og organisering av arbeidet - drøfting i formannskapet

20.05.2026 Formannskapet

Behandling

Kommuneplanrådgevar Bjørn Løvland informerte om arbeidsnotat datert 17.04.2026 som er utarbeid frå administrasjonen, der ein prøver å trekke ut dei sakene som gjeld spesielt Bokn. Han opplyste at dette notatet allereie er utdatert, men ein tenker å lage eit notat som er eit uttrekk ut konsekvensar, både prissette og ikkje prissette konsekvensar, som gjeld Bokn og som politierane bør lese kritisk. Det for å lage ei felles forståing i saka mellom politikerane og administrasjonen i denne saka.

Det blei drøfta ulike tema i saka.

Kommuneplanrådgjevar gjekk gjennom punkt om ikkje prissatte konsekvenser frå Statens vegvesen, korleis forstå dei ulike tabellane som er gjengitt da det er viktig at ein forstår desse tabellane når ein les utredningane for SVV.

Svein Ove Alvestad (UAV) lurar på om det er mogleg å få noken til å ta ein bustadsanalyse for Bokn da han ikkje har inntrykk av at SVV har gått i dybden når det gjeld konsekvensutredning for bostedsattraktivitet og framtida i Bokn på dei ulie områdene som alternativene til veg rammar. Kommuneplanrådgjevar informerte om at dette tema har nyleg våre eit samtaletema mellom han og kommuredirektør.

Kommuneplanrådgjevar gjekk gjennom samanstilling av konsekvensar frå SVV, side 9 i notatet og grunnlaget for arbeidet med oppsummeringa. Han opplyste om at det er nokre reknefeil i "Førebels berekning av ikkje prissette konsekvenser" side 32 i arbeidsnotatet.

Svein Ove Alvestad (UAV) har inntrykk av at innsigelsar ikkje er gitt på "ikke prissette konsekvenser", her ser det utfor at det er kun kroner og øre ein ser på.

Per Helge Sunde (UAV) synes forslag til prosess framsatt av administrasjonen er ein god måte å gjere arbeidet på - det som nå er skissert frå administrasjonen.

Kommuneplanrådgjevar satte og fokus på korleis SVV har veka 2ikkje prissette konsekvensar" mot "prissette konsekvensar".

Spørsmål frå administrasjonen er da: er det greit å ta ut essensen av dei forskjellige områda rundt prosessen i eit arbeidsdokument som oppsummerar i det vidare arbeidet med traseval E39.

Ida Grønnestad Schmeichler (Sp) meiner det er nyttig med eit arbeidsnotat frå administrasjonen med oppdatert informasjon, og set finger på at det må være "fersk" informasjon som tilflyter alle politikerane som skal behandle saka.

FS - 003/26.2 Vedtak

Formannskapet (kommuneplanutvalet) er enige i måten administrasjonen har lagt fram for vidare arbeidsprosess og organisering av denne i sak om traseval E39.

003/26.3 Fråsegn - høyring og offentleg ettersyn - kommuneplan - Bokn Tysvær Sveio - kommunedelplan - E39 - Statsforvaltaren

20.05.2026 Formannskapet

Behandling

Kommuneplanrådgjevar gjekk gjennom Statsforvaltaren sitt høyringsuttale der det framkjem dei same innsigelser som Bokn kommune har på fleire områder utan at dei tar konsekvensen av det dei seier i uttalen.

FS - 003/26.3 Vedtak

Formannskapet tok informasjonen til etterretning.

003/26.4 Bokn og Tysvær kommuner - kommunedelplan for E39 Bokn-Bømlafjorden - høring - Rogaland fylkeskommune

20.05.2026 Formannskapet

Behandling

Kommuneplanrådgevar har innspel om at innhald i saksframlegget frå fylkeskommunen heng ikkje saman med innstillinga deiras. Så her kan ein gjere seg tankar ikring dette.

Svein Ove Alvestad (UAV) meiner ein også må sei noko om tidsaspektet her, dvs. tidsadspektet ved å få oppstart og bygging av vegprosjektet. Det kan ikkje vere tilfelle at det vil ta meir tid å bygge den eine eller andre av vegtraseane. Det må i tilfelle vere at det vil ta tid å få budsjettmidler til bygginga dersom det blir dyrare ved å velje trase 2. Dette må kunne brukast i saksutredninga i saksframlegget. Kommuneplaneggar meiner at fylkeskommunen ikkje har gjort jobben sin, da innhald og drøfting i saksutredninga ikkje er omsyntatt i vedtaksframlegget.

FS - 003/26.4 Vedtak

Informasjonen blir tatt til etterretning.

003/26.5 Kystverket - motsegn

20.05.2026 Formannskapet

Behandling

Kommuneplanrådgevar synes det er merkeleg at Statsforvaltar og Rogaland fylkeskommune har sendt uttale til E39 utan å ha eit "blikk" på kva Kystverket har av utale. Kystverket ikkje har sendt inn sin uttale pr. dato. Deira uttalar burde ta opp i seg foreløpige innspela frå Kystverket. Med tanke på forvaltningsloven kan ikkje kommuneplanrådgevar sjå at uttaler frå Statsfovaltar og Rogaland fylkeskommune held mål i henhold til formelle krav i lovverket.

FS - 003/26.5 Vedtak

Informasjonen blir tatt til etterretning.

003/26.6 22_122486-3Uttalelse med innsigelse - KDP E39 Bokn - Bømlafjorden

20.05.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 003/26.6 Vedtak

Formannskapet tok uttalen til orientering.

003/26.7 NVE sin merknad

20.05.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 003/26.7 Vedtak

Formannskapet tok uttalen til orientering.

004/26 Samlesak for orienteringsaker

20.05.2026 Formannskap (Kommuneplanutval)

Behandling

Formannskap (KPUL) - 004/26 Vedtak

Orienteringane blir tatt til informasjon

005/26 Eventuelt og spørsmål

20.05.2026 Formannskap (Kommuneplanutval)

Behandling

Det blei fremma forslag om eit nytt møte i formannskap for vidare prosess i sak om trasear E39 - forslag om 9. juni, i forkant eller etterkant av allereie oppsett kommuneplanutvalsmøte.

Kommunedirektør og varaordførar orienterte om beramma møte med SVV.

Kommunedirektør informerte om møte i dag med representantar frå Kommunaldepartementet der hun og kommunalsjef teknisk var representanter frå Bokn kommune. Frå Bokn blei det informert om tettstadsprosjektet, næringsutvikling og prosessen rundt E39. Dette var eit positivt besøk.

Formannskap (KPUL) - 005/26 Vedtak

Formannskapet tok informasjon til orientering.